

Berge oppigard

Av Knut Raastad, 2017



Oppigard Berge ligg i øvre Nordherad mellom Ulsbu og Aabakken. Berge er nemnd i 1578, 1594, 1604.

I jordeboka 1577 og bygningsskatten 1604 er det ein Berge-gard og den skattar som halvgard. I 1610 er det ein brukar som heitte Erik. Jakup Eirikson på Berge fekk bot i 1614-15 og truleg er det sonen.

Koppskatten 1645 nemner Johannes Berge og hans hustru. Både da og i manntalet 1666 er det to brukarar på Berge, men det ser likevel ut til at nigard og oppigard har vore sett på som ein gard. I 1660 var det skifte etter Guri Nilsson, mannen var Johannis Gundersen. Manntalet 1666 nemner Berge som halvgard med skyld 2 huder og engeplass derunder på ½ hud 2 skinn, men dette er baa Bergegardane. Oppsitjar Johannes Gundersen f.ca.1589 brukte 1 ½ hud 2 skinn. Matrikkelen 1668 viser Johannes Berge med Skårvang engeland med 1 ½ hud som han eig sjølv. Det ser ut til at oppigard Berge hadde skyld 1 hud, det øvrige er i Skårvangen. Jehans Berge hadde seter på Nestungen og Bestungen. Guri og Johannis hadde 2 sønner:

Nils f.ca.1625, neste brukar

Jørgen, g.m. Ymbjørg Jonsdtr. nördre Holen

Nils Berge kjøpte i 1672 5 ½ skinn i Berge frå broren Jørgen Holen for 80 rd.?. 1676 kjøpte han eitt skinn i Berge frå Peder Sjugurdsson Sundlien. I 1702 var det skifte etter Nils Johannesen, han eigde da Berge på 1 hud, og ellers 6 skinn i Skjedsvold og 1 ½ skinn i nørde Sandnes. Nils var gift med Ingri Jonsdotter nördre Holen, dotter til Jon Jehansson Holen og Kari Tordsdtr. Bjølstad. Ingri var syster til Ymbjørg som vart gift med Jørgen Berge. Nils og Ingri hadde 5 barn:

Gunder Nilsen f.1661 d.før 1726

Sifer Nilsen, f.ca.1665 d.1720, neste brukar

Guri

Kari

Gunhild

Skoskatten 1711 nemner Siver Berge og Ingri Berge som må vera mora. Syver Nilsen var gift med Anne Østendtr. Kvarberg, truleg var det dei som brukte Berge medan broren var på sygard Sandnes. Syver og Anne hadde 2 barn:

Østen Syversen f.1707, truleg var det han som overtok sygard Sandnes i 1756

Johannes Syversen f.1710

Gunder Nilsen var gift med Rønnaug Amundsdtr. sygard Sandnes, dei hadde sygard Sandnes frå 1695. Men truleg har han og eigd Berge, for svigersonen Trond Justsen vart eigar der.

Gunder og Rønnaug hadde 2 barn:

Ingri 1694-1777, g.m. Tor Olsen Glimsdal, seinare med Rasmus Jonsen Einarsvold

Anne, død før 1740, neste brukar

Anne Gundersdotter var gift med Tron Justsen Tynnøl d.ca. 1753, son til Just Toresson Tynnøl. Trond Justsen Tynnøl overtok Sandnes i 1738 frå Rasmus Jonsen Einarsvold Glimsdal. Trond Justsen og Rasmus Glimsdal selde Sandnes i 1744. Anne og Trond hadde 7 barn:

Rønnaug f. ca. 1720 d. 1771, gift 1744 med Mogens Mogensen Kvåle i Bøverdalen f. ca. 1712 d. 1755, gift 2. gong med Syver Jonsen Galde 1733-1801
Just f. ca. 1725 død 1790
Goro f. ca. 1727
Sevald f. ca. 1730
Gunnar f. ca. 1733
Torstein f. ca. 1735
Gunnild f. ca. 1738

1748 selde Trond Justsen Berge garden Berge med skyld 1 hud til eldste sonen Just Trondsen for 99 rd. Viss Trond ikkje gjekk i brød med sonen skulle han ha 5 tønner godt korn, for til 1 ku og 4 sauer og varmt hus og bakstved og tørstueved. Just Trondsen var gift med Anne Sevaldsdotter død 1775, dei hadde 8 barn:

Sevald 1749-1790
Anne gift med Hans Bondesen. I søre Sandneshagen.
Live f. 1752
Rønnoug f. 1754
Trond f. 1755
Rønnoug f. 1757
Ingri f. 1760
Torø f. 1764

1776 skjøter Just Trondsen Berge garden øvre Berge til sonen Sevald Justsen for 100 rd. og føderåd. Føderådskontrakta vart tinglese 1782, *Just Trondsen skulle ha 4 tønner godt korn, for til 1 ku og 6 sauer; han skulle ha Bekkeåkeren så lenge han levde og denne skulle gjødslest kvart femte år, og sonen skulle så av sitt eige korn; åkeren Langenesen? Skulle han så og gjødsle sjølv, ellers skulle han ha hest til kyrkja, oppvarning med varmt hus og 1 par sko i året.* Sevald Justsen var gift med Kari Knutsdotter, dei hadde 2 barn:

Trond 1782-1856
Knut f. 1785

Kari Knutsdtr. gifta seg i 1792 opp att med enkjemann Anders Paulsen f.ca. 1735 d.1828. I 1803 vart det skifta etter Anders Paulsen og Kari Knutsdotter med taksering av garden til 500 rd. og garden vart overdrege til Trond Sevaldsen. Kari og Anders fekk sonen Hans f. 1792

Trond Sevaldsen Berge 1782-1856 overtok oppigard Berge i 1803. Han er også nemnd som eigar i 1836. Trond vart 1811 gift med enkja Ragnild Gundersdotter 1780-1862, dei hadde 4 barn:

Kari 1813-1815
Kari f.1815
Marit f.1817
Simen f.1820, neste brukar

Simon Trondsen Berge er nemnd som gardmann da han gifta seg i 1847 med Mari Olsdotter Galstad f.ca.1829. Ho var dotter til Ole Christophersen Galstad. Simon Trondsen makeskifta Berge mot Sandbugarden i Skårvangen ca.1864, men i 1868 reiste familien til Amerika.

Simon og Mari hadde 8 barn:

- Thor f.1849, til Amerika
- Gunhild f.1852, til Amerika 1870-talet
- Ragnhild f.1854, til Amerika 1868
- Ole f.1855, til Amerika 1870-talet
- Marit f.1858, til Amerika 1868
- Ole f.1861, til Amerika 1868
- Kari f.1863, til Amerika 1868
- John f.1865, til Amerika 1868

Simen Trondsen makeskifta som nemnd med Ole Pedersen Sandbugarden og ved folketellinga i 1865 og 1875 er dei på Berge. Ole Pedersen Sandbugarden f.1821 var son til Peder Jacobsen Sandbugarden, han vart 1849 gift med Imbjør Halvorsdotter Fellesekk f.1823. Familien reiste seinare til Amerika. Ole og Imbjør hadde 8 barn:

- Peder f. 1850, til Amerika 1878
- Hans f. 1854, opvarter Kristiania, til Amerika 1876
- Kari f. 1856, til Amerika 1876
- Anders f. 1858
- Anne f. 1861, til Amerika
- Barbro 1864-1864
- Jacob f. 1866
- Ivar f. 1869

I 1897 var det skjøte frå Ole Pedersen til Ingebret Larsen på oppigard Berge gnr. 80 bnr. 1 for kr 2400,-. Ymbert Larsen 1866-1937 frå nordstugu Kolden i Lom overtok som nemnd i 1897. Han var son til Lars Ellefsen Kolden f.1824 og Kari Amundsdr. f. 1828 frå Andbergstugu. Foreldra flytte med til Vågå og i 1900 var dei føderådsfolk på Berge. Broren Amund Larsen f.1870 var også på Berge i 1900, nemnd som tenar. Imbert Larsen var gift med Ragnhild Pedersdotter Gjelbakken 1862-1947. Dei hadde 6 barn:

- Lars f.1895
- Kari f. 1896
- Eli f. 1897
- Peder f. 1898, neste brukar
- Maria f. 1900
- Anna 1903-1988, gift med Ragnvald Gjelbakken 1906-1979. På Nermo.

Per Berge overtok etter faren i 1925, skjøte på gnr. 80 bnr. 1 og 2 tinglyst 1934 frå Imbert Berge og hustru for kr 6000,- hvorav for lausøyre kr 2000,- samt føderåd til femårig verdi kr 1500,-.

Asbjørn Gjelbakken f.1947, son til Anna Berge og Ragnvald Gjelbakken overtok Berge i 1965. Han vart 1968 gift med Ymbjøg Ulsand f. 1948, dei har 5 barn:

- Anne Mette f. 1969, gift med Hans Morte Sæterdal
- Ruth Irene f. 1970, gift med Hans Olav Fjellheim
- Kari f. 1972, gift med Helge de Presno
- Per f. 1974, neste brukar
- Arne f. 1976

Per Gjelbakken f.1974 overtok oppigard Berge i 2016.

I 1668 vart det på oppigard Berge fødd 15 fe, det var 2 hestar og det vart sådd 2 1/2 tønner.

I 1865 var det på Berge 1 hest, 14 kyr, 17 sauer, 8 geit og 1 gris. Det vart sådd 1/5 tønne rug, 4 tønner bygg, 2 tønner blandingskorn, 1/8 tønne erter og 5 tønner poteter.

Kjelder:

Jon Kolden 2005: Bygdebok for Lom 3

2002: Bygdabok for Lom 2

Norske Gardsbruk 1953 - 1997

Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900

Panteregister / grunnbok

Opplandsarkivet Vågå: Utskrifter skifteprotokollar, tingbøker, famileark m.m.

1881.no

Koppskatten 1645, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum.

Jakup Skjedsvoll: Notat om Berge på 1600-talet

Engbret Hougen: Ættesoge for Gudbrandsdalen III